
Vår referanse 2020/48820-6
Dato 20.05.2020

THE FJORDS DA
c/o Flåm AS Postboks 42
5742 FLÅM

Att. Rune Midtkandal

Søknad om løyvefritak for båtrute i Sørfjorden - melding om vedtak

Innleiding

The Fjords DA, org.nr 914 922 941 («The Fjords») har i brev av 24.04.20 søkt om dispensasjon frå krav om løyve ('løyvefritak') for båtrute i perioden 01.07.20-31.08.20. Forslag til rutetrasé er Odda - Nå - Aga - Lofthus - Tyssedal - Odda. Det er søkt om å utføre tre daglege rundturar. Planlagt takstregulativ er kr 290 for delstrekning og kr 490 for dagspass.

Med heimel i yrkestransportloven § 36 a) jf § 13 (2) og det fylkeskommunale delegasjonsreglementet § 36, er Vestland fylkeskommune ved fylkesrådmannen løyvestyresmakt.

Vurdering

Det er i dag ikkje båtrute langs den omsøkte strekninga. Den omsøkte ruta vil ha eitt berøringspunkt med Skyss si båtrute på strekninga Norheimsund - Lofthus - Eidfjord - Ulvik, som vert utført av Norled AS: På Lofthus.

Norled har i brev av 20.05.20 kome med følgjande fråsegn i saka (utdrag):

«Viser til epost [...] hvor vi klager på at det kan gis ruteløyve til flere aktører i Hardangerfjorden basert på vår kontrakt med Skyss i Hardangerfjorden.

Norled ønsker at det i brev fra oss av 18 mars 2020 blir behandlet sak mot brev fra The Fjords av 4 mai 2020 om høring / søknad på ruteløyve, der dette er samme sak og hvor Norled ikke kan akseptere at det blir gitt ruteløyve til flere aktører.»

Eposten Norled viser til er svar på ein søknad som ikkje er heilt lik den aktuelle. I fråsegna som Norled viser til heiter det m.a følgjande:

[...]

Det er i konkurransegrunnlaget [for drift av Skyss si båtrute i indre del av Hardangerfjorden] ikke opplyst at det vil bli gitt «ruteløyver» til andre aktører idet samme ruteområdet. Snarere framstår konkurransen om det aktuelle ruteløyvet som en enerett for den operatøren som tildeles kontrakten. Kontrakten Norled har inngått med Skyss fastslår at Norled må akseptere at andre rutetilbud kan ha «trafikkmessige berøringspunkt» med Norleds rute. Den trafikken som *Fjord1 ASA* [*Fjord 1 må ikkje forvekslast med The Fjords, som denne saka gjeld, vår merknad og kursivering*] nå søker om framstår mer som et parallelt tilbud enn et tilbud med «trafikkmessige berøringspunkt». Norled finner derfor at det vil utgjøre en bristende forutsetning for den kontrakt som er inngått mellom Skyss og Norled om et slikt konkurrerende løyve skulle bli gitt.

[...]

Et slikt løyve vil også være ødeleggende for de planer om samarbeid med flere aktører i Hardangerfjorden, og oppbyggingen av den lokale turistrøreringen i Hardanger fjorden som

vi

har beskrevet i vårt tilbud.

Dei to bårutene vil ikkje ha nokon felles trasé. Etter vår vurdering er dei omsøkte rutetilboda difor ikkje parallelle. Det er i alle høve uvisst om det ville hatt noko å seie for vedtaket i saka. For publikum sin del vil det vere ein føremon med eit utvida transporttilbod i området. Då ruta har turistar som eit viktig potensielt passasjergrunnlag, kan den også generere inntekter for næringslivet i Ullensvang kommune.

Etter vår vurdering vil det faktum at dei to rutene berre har ein felles anløpsstad like gjerne kunne generere ekstra passasjerar til den eksisterande ruta, som å hente passasjerar frå den.

På begge sider av strekninga som rutetraséen er planlagt å følgje - Sørfjorden i Hardanger - vert det i dag utført bussruter i regi av Skyss. Desse følgjer det ordinære takstregulativet for Vestland fylkeskommune. Den omsøkte ruta vil difor ikkje konkurrere med Skyss sine bussruter på pris.

Med **grunngjeving** i vurderinga over har vi i dag gjort følgjande **vedtak**:

Vestland fylkeskommune gjev The Fjords DA, org.nr 914 922 941 dispensasjon frå krav om løyve for båtrute på strekninga Odda - Nå - Aga - Lofthus - Tyssedal - Odda i perioden 01.07.20-31.08.20 i samsvar med søknad av 24.04.20.

Vedtaket er eit enkeltvedtak, jf forvaltningslova § 2 b).

Klageadgong med vidare

Enkeltvedtak kan påklagast med heimel i forvaltningslova («fvl») § 28 1. ledd av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse.

Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt underretting om vedtaket er kome fram til vedkomande part, sjå likevel fvl §§ 29, 30 og 31.

Klageinstans er den fylkeskommunale klagenemnda.

Ei eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune, Avdeling for mobilitet og kollektivtransport, Postboks 7900, 5020 Bergen. Ei eventuell klage skal vere underteikna av klagaren eller denne si fullmektige eller vere autentisert, nemne det vedtak som det vert klaga over, og nemne den endring som vert ønskt i det vedtak det vert klaga over. Erklæringane bør også nemne dei grunnar klaga står seg til.

Ein part har rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka, for så vidt ikkje anna følgjer av reglane i fvl §§ 18 til 19.

Part i saka har adgong til å be om at gjennomføringa av vedtaket vert utsett.

Eit eventuelt søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning som følge av vedtaket kan ikkje reisast utan at vedkomande part har nytt si rett til å klage over vedtaket, og klaga er avgjort av den høgaste klageinstans som står open, jf fvl § 27 b).

De har høve til å søkje fritt rettsråd.

Fylkeskommunen vil på førespurnad gje dykk alminneleg rettleiing tilpassa fylkeskommunen sin situasjon og kapasitet, jf fvl § 11.

Når eit vedtak vert endra til gunst for ein part, skal parten, med visse unntak, tilkjennast dekning for vesentlege kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket, jf fvl § 36.

Med helsing

Janne Dokken
Seksjonssjef

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
NORLED AS Postboks 839 Sentrum
Gudrun Einbu